

Spørsmål til gruppearbeid

1. UΤBYGGING: Bør Voss herad forby nedbygging av myr? Er det andre naturtypar me bør ha eit forbod mot utbygging på?
2. VEKTING AV FØREMÅL: Dersom ein MÅ ta i bruk natur eller dyrka jord til utbyggingsføremål, bør me differensiera på føremål? Kva bør i så fall vega tyngst av bustadbygging, offentlege føremål, samferdsle/veg, fritidsbustader?
3. JORDVERN: Bør me ha eit talfesta jordvern mål? Og kor ambisiøst bør dette i så fall vera?
4. STRANDSONE: Finst det føremål som gjer det ok å gjera tiltak i strandsona? Kva meiner de i så fall desse er?
5. VERN: Kor mykje av arealet i Voss herad bør ha eit vern? I dag er 5,4 % verna, Naturavtalen seier 30 %. Og kva type natur bør me prioritera å verna?

1. UTBYGGING:

Bør Voss herad forby nedbygging av myr? Er det andre naturtypar me bør ha eit forbod mot utbygging på?

Gr. 1:

Myr og våtmarksområde skal som hovudregel ikkje byggjast ned.

Utbygging av naudsynt infrastruktur eller bygningar kan fråvika frå hovudregelen dersom det ikkje finst andre eigna alternativ.

Vossagran, edellauvskog, fjell, vatn, kulturlandskap, fuglereservat og gamalskog m.m. bør ikkje byggjast ned, men det må forvaltast/kultiverast for å halde det i hevd.

Gr. 2:

Må vega utbygging mot natur i kvart tilfelle.

Fjell, vatn og våtmark må ein også ha eit særskilt blikk på.

Gr. 3:

Ja, det bør vera forbod mot nedbygging av myr.

Gamalskog: viktig å forby nedbygging av dette òg.



2. VEKTING AV FØREMÅL:

Dersom ein MÅ ta i bruk natur eller dyrka jord til utbyggingsføremål, bør me differensiera på føremål? Kva bør i så fall vega tyngst av bustadbygging, offentlege føremål, samferdsle/veg, fritidsbustader?

Gr. 1:

Rangering: offentlege og samfunnsnyttige føremål, samferdsle/veg, bustadbygging (skilnad byggefelt og hus på gard for å behalda drift på garden) og fritidsbustader.

Arealnøytralitet skal praktiserast.

Gr. 2:

Fritidsbustader bør ha mindre vekt.

Bustader er viktigare enn fritidsbustader.

Må vurdera verdi mot kost i kvart tilfelle.

Gr. 3:

Rangering dersom ein må: off. føremål, bustadbygging, veg og samferdsle, fritidsbustader.

Alltid vurdera først nedbygde/grå areal og fortetting.

Merk: til vidare arbeid – me gløymde næring! + veg/samferdsle og bustadbygging vart ulikt rangert.



3. JORDVERN:

Bør me ha eit talfesta jordvernål? Og kor ambisiøst bør dette i så fall vera?

Gr. 2: **Kvalitet på jorda må vektleggjast.** Er jorda i drift? Kva gjev ho? Viktig å skilja på dette. I prinsippet unngå å nedbygga.

Sleppa til meir marknadstenking her?

Vera merksam på at jord som er dårlig drifta over lang tid, likevel kan vera god og viktig i matberedskapsperspektiv.

Gr.1:

Målet må minst vera arealnøytralitet, å oppretthalda jordandelen vår. Me har lite areal å erstatta nedbygd areal med.

Viktig å ha med at arealnøytralitetsprinsippet ikkje opnar for spekulasjonar.

Gr. 3:

Matberedskap. Difor: at jord ikkje er i drift i dag, kan endra seg. Tenkja langsiktig forvalting.

Viktig at jordvernstrategien legg fram eit godt kunnskapsgrunnlag.



4. STRANDSONE:

Finst det føremål som gjer det ok å gjera tiltak i strandsona? Kva meiner de i så fall desse er?

Gr. 1:

Ja, flaumsikring, vegsikring og byggja tilkomst til vatn eller sjø for skjøtsel. Offentlege føremål er òg ok (men dei må vera samfunnsnyttige).

Gr. 2:

Ja, men flaum dempar tiltakslysta i store deler av Voss.

Ikkje same problem med å privatisera strandsona i heradet, at folk vert haldne unna.

Byggje tilkomst.

Gr. 3:

Tilretteleggja for ålmenta. Etablering av fritidsområde.



5. VERN:

Kor mykje av arealet i Voss herad bør ha eit vern? I dag er 5,4 % verna, Naturavtalen seier 30 %. Og kva type natur bør me prioritera å verna?

Gr. 1:

Myr og areal med raudlista artar bør prioriterast.

Vurdera kva vernform som er mest aktuelt for kva område, kva som gagnar mest.

Gr. 2:

Det er ikkje sikkert at det er 30 % som bør vernast, ein må sjå på kva ein har.

Må veta meir om kva me har.

30 % av representativ natur.

Gr. 3:

Vil verna meir, og ein ambisjon om 30 % vern. Dette må vera representativ natur.